

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 430, TI - &85	16/485

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016
041/2016	Kommunestyret	PS	22.06.2016

### Nye statuttar og ny driftsavtale NKR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta/ Vurdering

NKR er eit samarbeidsorgan for oppvekstsektoren i Nordhordland og vart starta på slutten av 70-talet. Samarbeidsorganet vart då kalla Nordhordland kursregion for grunnskulen. Styret ønskjer no å endra namnet til Nordhordland kompetanseregion.

Den gjeldande avtalen mellom NKR og Lindås kommune er frå 1999. Styret i NKR, som er dei oppvekstansvarlege i kvar kommune, vedtok på styremøte 20. april 2016 å gjennomgå avtalen og samstundes fornya statuttane for NKR. Styreleiar Torleiv Frotjold og kurssekretær Oddfrid Hole la til styremøtet 1. juni 2016 fram reviderte statuttar og ny avtale med Lindås. Styret i NKR vedtok begge deler samrøystes. Sidan det er kommunane som eig og driv NKR, må kommunestyret vedta dei nye statuttane og den nye avtalen med Lindås.

Noko av bakgrunnen for at statuttar og avtale no burde endrast, er at oppgåvene for NKR har endra seg mykje gjennom desse åra. M.a har barnehagesektoren kome inn i NKR sitt arbeid på ein heilt annan måte enn før. Statuttane bør avspegla den verksemda som NKR driv. Det er då også naturleg å gje samarbeidsorganet namnet Nordhordland kompetanseregion. Nordhordland kompetanseregion er eit meir dekkande namn ut frå den verksemd som vert driven i dag. For det fyrste er ikkje NKR eit organ berre for grunnskulen lenger. Barnehagen er komen med som ein viktig og naturleg del. Dessutan er det ikkje lenger i same grad snakk om å organisera kurs for tilsette. NKR si verksemd handlar meir om å leggja til rette for kompetanseheving i form av skulering for heile eller deler av personalet på utviklingsområde som gjeldande skule eller barnehage har bruk for auka kompetanse i. Dette går klart fram av pkt. 3 i dei nye statuttane.

Sidan 1999 har Lindås kommune vore vertskommune for NKR og har tilsett kurssekretær i 50 % stilling. Tidlegare gjekk vervet som kurssekretær på omgang mellom kommunane. Samarbeidet med

Lindås har fungert godt etter den avtalen som vart inngått i 1999. Men etter 17 år er det trong for nokre redaksjonelle endringar. I den nye avtalen er det ingen endringar når det gjeld drift og økonomi.

### **Konklusjon**

Nordhordland kursregion for grunnskulen skifter frå 1. august 2016 namn til Nordhordland kompetanseregion.

Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.

### **Formannskapet - 060/2016**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar for kultur og oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

#### **FS - vedtak:**

**Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.**

### **Kommunestyret - 041/2016**

#### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar for kultur og oppvekst Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret godkjenner nye statuttar for NKR og ny avtale mellom Nordhordland kompetanseregion og Lindås kommune slik dei ligg føre.**

